



## Notat

Dato: 21.02.2019  
Arkivsak: 2014/278-64  
Saksbehandlar: vigbjo

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Styrking ruteproduksjon – status

I budsjettet for 2018 vedtok fylkestinget ei styrking av budsjettet på tilsaman 10 mill. kr. I verbalforslaget som ligg til grunn for vedtaket heiter det:

Det vert løyvd 1 500 000 ekstra til auka kollektivtilbod/båt i Nordhordland, 1 500 000 til fleire ekspressbussar mellom Sotra og Bergen, og 2 000 000 til auka kollektivtilbod i Sunnhordland/Hardanger/Voss. I tillegg vert det løyvd 5 000 000 til auka ruteproduksjon i Bergen, som tilsvarer om lag 500 daglege avganger.

I budsjettet for 2019 er det vedtatt 10 mill. kr til auka ruteproduksjon på bybanen/buss Bergen. Oppfølging av dette vedtaket vert handtert gjennom den årlege ruteendringsprosessen, med i verksetjing hausten 2019.

I det følgjande vert det gitt ein kort status på oppfølging av budsjettvedtak for budsjett 2018.

#### Nordhordland

Fylkesutvalet vedtok i møte i juni (PS-192/2018) følgjande om oppfølging av budsjettvedtaket om 1,5 mill. kr til kollektivtilbod/båt Nordhordland:

Budsjettmidlar til styrking av kollektivtilbodet/båt Nordhordland vert prioritert til tiltak i samband med oppstart av nytt bussenbod Nordhordland og styrking av kollektivtilbodet mellom Nordhordland og Bergen.

Nytt bussenbod starta i august 2018, med omlegging av rutetilbodet mellom Nordhordland og Bergen. Evalueringa av ny regionstamlinje 300 og 300E er gjort eit stykke ut på hausten, etter at nye reisevanar er noko meir etablerte. Ut frå passasjerstatistikken er det grunnlag for å utvide rushperioden på ettermiddag kvardagar, samt å auke tilbodet i medrush laurdag og søndag ettermiddag. Til saman utgjør tiltaka 22 nye avgangar per veke.

Kostnadane er rekna til omlag 1,5 mill. kr med heilårsverknad frå 2020. Tiltaka vert sett i verk 29. april.

**Vest**

Med bakgrunn i dialog og etterspurnad frå kommunane i vest om eit ekspressbusstilbod mellom Straume og Ytrebygda, vart det før sommaren i 2018 oppretta ei ny linje 23E. Tilbodet gir to avgangar tur/retur morgon og ettermiddag, og vart vidareført i nytt anbod som startar i juni 2019.

Kostnadane er rekna til omlag 1,5 mill. kr med heilårsverknad frå 2019.

**Sunnhordland/Hardanger og Voss**

Det vart sett inn to nye avgangar Rubbestadneset-Svortland, som korresponderer med båten frå Bergen formiddag og kveld. I tillegg vart det sett inn ein avgang ettermiddag/kveld tur/retur Svortland-Våge. Tiltaka vart etter planen sett i verk frå 1. mai. I sommarrutene vart det og lagt inn ei handlerute for Rolvsnes og Aga ein dag i veka.

I Hardanger og Voss vil det med bakgrunn i auka etterspurnad på strekninga Voss-Gudvangen bli satt inn ein ny avgang tur/retur kveld i perioden 1/5-30/9, samt at ein avgang formiddag vart utvida til å gjelde same periode.

Ein ser og grunnlag for å utvide perioden for morgonavgang på kvardagar Bergen-Norheimsund til å gjelde heile året. I dag går denne avgangen kun i sommarperioden då Turistbåt Hardanger går.

Tilbodet på Husnes vart styrka med to nye avgangar t/r Husnes-Sunde på kvardagar, som gir korrespondanse til båten til Leirvik.

Kostnadane er rekna til omlag 2 mill. kr med heilårsverknad frå 2020. Tiltaka vart sett i verk frå 1. mai.

**Bergen**

Fleire vogner med automatisk passasjerteljingsutstyr har gitt Skyss betre grunnlag for å vurdere kapasitetsbehovet på bybanen. Tilbodet på bybanen vart styrka med følgjande tiltak:

- Utvide rushperioden ettermiddag/kveld på kvardagar
- Styrke tilbodet laurdag og søndag

Kostnaden med tiltaka er rekna til omlag 5 mill. kr med heilårsverknad frå 2020. Tiltaka er planlagt sett i verk frå 1. mai.